



# ÅRSMELDING 2022

---

## ÅRSMELDING

### IL JOTUN Ski

*for perioden*

*1. januar 2022 til 31. desember 2022*

---

## PÅ VEG MOT HUNDRE!



---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

**Bank**

**Foretaksregisteret**  
975 702 308

## 1. Styresamansetjing

- Audun Hestetun, leiar
- Kjell Arne Vigdal, økonomi
- Jostein Holsæter, løypeansvarleg
- Anne Gerd Jevnaker, kontakt allidrett

## 2. Møter og arrangement

- 0 offisielle styremøte. Det meste av avklaringar har vorte gjort på e-post, over telefon eller "i løypa"
- 1 planleggjingsmøte i samband med skileik
- Skileik i samarbeid med allidretten, 4 kveldar – varierer frå rundt 60 til 80 ungar kvar kveld.
- Påskerenn i samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane

## 3. Medlemstal

- Samla medlemstal: om lag 80 (6-70 år), 9 av desse i aldersgruppa 10-16

## 4. Særforbund

- Skiforbundet

## 5. Økonomi

- Resultat 2022
  - Underskot 27 313,-
- Budsjett 2023
  - Utskifting av løypemaskin (1,3mill kr)
  - Utskifting av lys i løypa (75 000kr)
- Oversikt over mottokne midlar, gåver, osv.
  - HMR
    - 500l diesel til løypemaskina
  - Årdal Kjemiske Fagforeining
  - ÅBBL
  - Telenor – Telenor karusellen
  - Vestland idrettskrets
  - Lotteri og stiftingstilsynet - Straumstøtte
  - Årdalsnett – Internett og TV
  - Årdal Energi – Montering av lys
  - Coop extra – rabatt på kioskvarer

## 6. Anlegg & Utstyr

- Små reparasjonar/vedlikehald på løypemaskina og snøskuteren
- Arbeidet med utskifting av lysanlegget i leikebakken/skileikområda er ferdigstilt.
- Arbeidet med å byte ut lyset i løypa er i gang – Bytta mellom Skihytta og Åresete langs vegen.  
Planen i fyrste omgang er å byte lyset i runden mellom Skihytta, Myri og Åresete. Fase to er å byte i runden mellom Myri og Sundheim (traktoren)

## 7. Eksterne verv – representasjon

- Arrangementskomité i samarbeid med ÅTIL: Knut Jevnaker og Børre Øvstetun

## 8. Oppgaver i året som kjem

- Skileik i samarbeid med allidretten
- Fokuserer på drift av anlegget og auke inntektene
- Halde fram med å byte lyset i løypa
- Utskifting av løypemaskin
- Halde fram med "skitrening" og jobbe med å auke antalet ungar på trening

## 9. Generell del

### Ord frå leiar

Skileiken / allidretten med rundt 70 ungar i snitt i alderen 7-10 år er den store oppgåva vår. Her presenterer me idretten vår – og me som trenarar for denne gruppa har ei svært viktig oppgåve med tanke på rekruttering til langrennsgruppa. Me får positive tilbakemeldingar desse kveldane, men det er viktig at me stadig utviklar oss og sikrar engasjerte trenarar.

Utfordringa framover vert å rekruttera nye skiløparar frå allidretten til skigruppa. Det er mange grupper i Jotun som konkurrerer om dei same ungane. Det er og viktig at me annonserer at medlemmer i Jotun bør registrere seg under skigruppa. Me har mista om lag 20 medlemmer frå 2021 til 2022 og oversikten viser at fleire er registrert med feil gruppetilhøyre.

Økonomisk kom me ein del dårlegare ut i 2022 enn i 2021. Kostnadene heldt seg stabilt samanlikna med 2021, men inntektene vart sterkt reduserte og me enda med eit underskot på 27 313kr. Me har hatt nokre mindre reparasjonar/vedlikehald på løypemaskina og snøskuteren. Kioskinntektene auka, men det var mindre i gåve/støtte. Kommunen gløymte i tillegg å overføre det årlege tilskotet på 10 000kr. Grasrotmidlane vart sett inn på eigen bankkonto og ikkje delt ut på gruppene. VAR og straum auka i 2022 og aukar enno meir i 2023.

Takk til foreldre, trenarar og andre som stiller opp på ulike arrangement. Engasjerte personar er naudsynt for å drive skigruppa - og det har me – tusen takk.

Leiaren takkar for støtte og engasjement i gruppa i 2022.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308